

SKJÆRGÅRDSFISK AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/173292
Dato: 04.11.2014
Org.nr: 985399077



Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Skjærgårdsfisk AS - Lokalitet 31497 Toska N - Vedtak om godkjenning

Mattilsynet viser til søknad frå Skjærgårdsfisk AS om utviding av biomasse frå 2340 tonn til 3620 tonn på matfisk lokalitet Toska N i Radøy kommune.

Søknaden vart oversendt Mattilsynet frå Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, jf. brev av 01.08.2014 frå Hordaland Fylkeskommune.

Saka gjeld

- 31497 - TOSKA N, Lokalitetsnummer 31497

Dette løyve er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter akvakulturlova.

Vedtak om løyve

Skjærgårdsfisk vert gjeve løyve til utviding til ein produksjon på 3620 tonn MTB for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeare på lokalitet 31497 Toska N.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

Lokalitet Toska N skal for kvar generasjon ha minst 1 måned felles brakklegging med dei andre lokalitetane i smittehygieniske fellesområde 15, Radøy Nord.

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning

Vi har observert:

Mattilsynet har motteke søknad frå Skjærgårdsfisk AS om utviding av biomasse frå 2340 til 3620 tonn laksefisk på lokalitet Toska N.

Geografisk plassering i høve til akvakulturrelatert verksemd

Den omsøkte lokaliteten 31497 Toska N ligg rett aust for Skjeggholmen, nord for Utosko i Helleosen i Radøy kommune. Det er ingen fjordterskler frå Helleosen og vidare ut i Hjeltefjorden. Helleosen ligg ope og til dels svært eksponert til mot Fedjeosen i nordvestleg retning slik at lokaliteten ligg i tilknytning til eit svært stort resipientområde.

Akvakulturanlegg innafor ein avstand på 5 km frå lokalitet Toska N:
11738 Otterholmen, Blom Fiskeoppdrett AS, matfisk laksefisk (1800 m)
Helland Skjell AS (2500 m)

Vassutskifting og straumtilhøve

Straummålingar er utført av Rådgivende Biologer AS i perioden 29. september-9. november 2010. Straummålarar (Sensordata SD 6000) stod utplassert for måling av overflatestraum (5 m djup), vassutskiftingsstraum (15 m djup), spreingsstraum (50 m djup) og botnstraum (90 m djup).

Overflatestraumen på 5 meters djup var "middels sterk" med ei gjennomsnittleg hastigheit på 4,3 cm/s og ei maksimal hastigheit på 19,4 cm/s.

Vassutskiftingsstraumen på 15 meters djup var "middels sterk" med ei gjennomsnittleg hastigheit på 3,4 cm/s og ei maksimal hastigheit på 31,0 cm/s.

Spreingsstraumen på 50 meters djup var "sterk" med ei gjennomsnittleg hastigheit på 3,5 cm/s og ei maksimal hastigheit på 16,8 cm/s.

Botnstraumen på 90 meters djup (ca 4-5 m over botn) var "svært sterk" med ei gjennomsnittleg hastigheit på 3,3 cm/s og ei maksimal hastigheit på heile 27,6 cm/s. Staumen var hovudsakleg tidevasstyrt, men og i stor grad påverka av vêr og vind i måleperioden.

Det var "svært lite" innslag av straumstille periodar på 5, 50 og 90 m djup, og "lite" innslag av straumstille periodar på 15 m djup.

Oksygen: Ein oksygensensor på 15 m djup viste at oksygenmetning låg mellom 81 og 96 % i heile måleperioden, 29. sept.-9. okt. 2010.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Søknaden gjeld ingen endring av plassering av den godkjende lokaliteten Toska N. Det einaste anlegget med laksefisk innan 5 km er 11738 Otterholmen, som er 1800 m nord for Toska N og er i det same fjordsystemet Hellosen i Radøy kommune. Begge anlegg ligg i smittehygienisk fellesområde 15, Radøy Nord. Konsekvensen av den auke potensielle smittepressa frå Toska N til Otterholmen vert minimalisert med omsyn til vilkår tilknytta godkjenninga om minst 1 måned felles brakklegging med dei andre anlegg i den same sonen.

Lokaliteten

Den gunstige botntopografien under anlegget saman med dei store havdønningane som oppstår på lokaliteten gjer at det vil vera liten fare for opphopning av organisk avfall under anlegget. Lokaliteten ligg i tilknytning til ein resipient med tilnærma uavgrensa resipientkapasitet, slik at ei aukeing av produksjonsbiomasse vil truleg medføre minimal konsekvensar for vasskvalitet ved anlegget.

Oksygenmålingane viser at det ikkje har vore større oksygenfall i måleperioden, 29. sept.-9. nov. 2010. For å sikre gode oksygentilhøve i merdane kan ein modererer produksjonen noko under den varmeste årstida.

Dyrehelse og dyrevelferd, samt hensyn til villfisk og bekjemping av lakselus

Dødelegheit og historikk for lokaliteten som var vedlagt søknaden viser at tilhøve med omsyn til fiskehelse- og velferd har vore under god kontroll. Beredskapsplanen og internkontrollsystemet som

føreligg for lokaliteten samt resultat frå førre generasjonen visar at verksemda har eit system som sytar for at fiskehelse og velferd vert ivareteke.

I høve til førre generasjonen, skriv tilsynsveterinær Carl Aage Wangel at i perioden frå utsett til utslakting var det ein total dødelegheit av 5,44 %, noko Mattilsynet vurderer som eit bra resultat med omsyn til fiskehelse og fiskevelferd. Den einaste sjukdommen registrert av Wangel var funn av AGD i november 2013. Seinare bruk av hydrogenperoksid til avlusing, reduserte AGD betrakteleg, skreiv Wangel.

Mattilsynet er merksam på at generelt sett, er det eit aukande problem med lakselus på grunn av aukande mengder laks i sjøen, og ein ser ei auke i byrjande resistens mot ulike behandlingssmiddel. Lusetal frå førre generasjon av laks på Toska N, med utsett i oktober 2012, syner anlegget har kontroll over lus med nokre få overskriding av lusegrensen. I Rådgivende Biologer sin rapport om strømmålingar står det at i laupet av måleperioden ved Toska N ville det ha vore mogleg å utføra badebehandlingar i opp mot 8/10 av måleperioden, 29. september-9. november 2010. Dette indikerer at det er lite sannsynleg at sterk straum vil vera ein begrensande faktor med omsyn på å få "avlust" heile anlegget i laupet av få dagar i samband med dei ulike synkrone fellesavlusingane.

Naturmangfaldslova

Søknaden er også vurdert etter lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald i høve til mogleg effekt på det biologiske mangfaldet, forureining av det ytre miljø og økologisk effekt. Det er ikkje kjend at området inneheld nasjonale eller regionale viktige miljøverdiar som kjem i konflikt med utvidinga av biomasse på lokalitet Toska N. Mattilsynet finn ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologisk effekt eller naturmiljøet elles. Vi finn heller ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå føre-var prinsippet, sjå naturmangfaldlova § 9.

Konklusjon


Lokaliteten ligg i tilknytning til eit svært stort resipientområde. I fylgje MOM-B granskinga, jf Resipientanalyse AS sin rapport nr. 1095-2014, er miljøtilstanden 1, meget god. Mattilsynet viser til det bra resultatet Skjærgårdsfisk AS har hatt i førre produksjonsperioden frå oktober 2012-juli 2014 med omsyn til fiskehelse og fiskevelferd. Mattilsynet vil dermed godkjenne den omsøkte utvidinga av produksjonsbiomassen på lokalitet Toska N til 3620 tonn MTB.

Dette løyve er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter akvakulturlova.

Mattilsynet vil vurdere å trekkje godkjenninga tilbake dersom de ikkje overheld vesentlege forhold i vilkåra for godkjenninga, eller dersom de ikkje oppfyller vesentlege krav i regelverket. De plikter å halde Mattilsynet orientert om kven som er ansvarleg for verksemda.

Ovannemnde søknad frå Skjærgårdsfisk AS om utviding av biomasse på Toska N til 3620 tonn var handsama av Mattilsynet v/ førsteinspektør Janet Bakke.

Med helsing



Odd Tøsdal
seksjonssjef

Vedlegg:

Vedlegg til tilsynsrapport

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 / dyrevelferdslova § 30 / dyrehelsepersonellova / forskrift om omsetning av reseptfrie legemidler § 18 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Klagerett

Det er klagerett på enkeltvedtak. Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått informasjon om vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De finn meir informasjon om klageretten i vedlegget Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

Gebyr ved oppfølgingstilsyn:

Dersom Mattilsynet må gjennomføre eit nytt fysisk tilsyn for å kontrollere at vedtak er etterkomme, vil det bli ilagt eit gebyr på kr 2085,-. Krav om gebyr er heimla i forskrift 22. desember 2008 nr. 1621 om offentlig kontroll med etterlevelse av regelverk om fôrvarer, næringsmidler og helse og velferd hos dyr (kontrollforskriften) § 1, jf. kontrollforordningen artikkel 28, jf. forskrift 28. januar 2004 nr. 221 om avgifter og gebyr i matforvaltningen § 15a.

Verksemnda er vurdert etter følgjande regelverk:

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv)
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven)



Avsender	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova (fvl) § 27)	
Mattilsynet Distriktskontoret Bergen og Omland Felles postmottak, Postboks 383 2381 Brumunddal		
Mottakar (namn og adresse)	Dato	Klageinstans
SKJÆRGÅRDSFISK AS Lingavegen 206 5630 STRANDEBARM	04.11.2014	Mattilsynet, Regionkontoret Hordaland og Sogn og Fjordane

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klage over vedtak De har fått melding om.

Klagerett	De har rett til å klage over vedtaket.
Kven kan De klage til	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
Frista for å klage	Klagefrista er 3 veker fra den dagen dette brevet vart motteke. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen løp ut. Dersom De klagar så seint at det kan være uklårt for oss om De har klaga i rett tid, burde De gje opp datoen når denne meldinga vart motteke. Dersom klaga vert sendt for seint, kan ein sjå bort fra ho. Om De har særskilt grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefrista. De bør da i tilfelle nemne grunnen til forseinkinga.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje allerede har fått grunngjeving for vedtaket, kan De sette fram krav om å få det. Slikt krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen vert i så fall broten av, og ei ny frist tek til å løpe fra det tidspunktet De mottok grunngjevinga.
Innhaldet i ei klage	Klagen skal nemne vedtaket som det blir klaga på, og den eller de endringane som er ønska. De bør også nemne grunngjevinga Dykkar for å klage og eventuelle andre opplysningar som kan ha innverknad på vurderinga av klaga. Klaga må være underteikna.
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har rett til å klage, kan vedtaket vanlegvis bli gjennomført straks. Men De har rett til å søkje om å få utsatt iverksettinga av vedtaket inntil klagefrista er ute eller klagen er avgjort.
Rett til å se dokumentene i saka og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å se dokumenta i saka, jf fvl §§ 18 og 19. De må i slike høve vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten ved klage og om reglene for sakshandsaminga ellers.
Kostnader ved klagesaken	De kan søkje om å få dekka utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det normalt visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannens kontor eller advokaten kan gje nærmare rettleiing. Det er og særskilt høve til å krevje dekning for vesentlige kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket er blitt endra til gunst for klagaren, er det etter fvl § 36 og høve til å søkje dekning for vesentlige kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnadar.
Klage til Sivilombudsmannen	Det er og høve til å klage til Stortingets ombudsmann for forvaltninga (Sivilombudsmannen).

